

# Arealmåling og etasjedefinisjonar – ein forenkla versjon.

## For utrekning av areal på bygningar vert det nytta bruksareal (BRA).

Dette omfattar alt areal innanfor yttervegg, inkludert bod, trappe rom og andre rom som ikkje er bustadareal.

Dersom det er inkludert garasje, bod o.a. i bustaden skal det reknas med i bruksareal.

Det vert rekna bruksareal for kvar etasje i bustaden.

Dette vert rekna slik:

$$\text{Bruksareal (BRA)} = \text{Breidde} * \text{Lengde (måling vert gjort på yttervegg)}$$

Hovudregel er at det vert gjort ei gjennomgåande oppmåling for kvart plan i heile bygget. (Unntak kan gjerast for større bygg/bustadblokk i skrånande terreng med hovudinngang til ulike plan i bygget).


Dei ulike etasjetypane er:

- Hovudetasje
- Underetasje
- Loft
- Kjellar

Ein bygningsdel er måleverdig når den:


- Har omsluttande vegg
- Har fri høgde på minst 1,9 m over golv i ein breidde på minst 0,6 m

Målereglar (jf brukarbok for matrikkelklienten til Statens kartverk versjon 1.):



### **Kjellarplan (K):**

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgst 0,75 m over planert terreng - gjennomsnittsnivå rundt bygningen.




### **Underetasje (U):**

Eit plan der underkant dekke eller himling er høgare enn 0,75 m, men høgst 1,5 m over planert gjennomsnittsnivå.



### **Hovudetasje (H):**

Eit plan der underkant dekke er høgare enn 1,5 m over planert terrengs gjennomsnittsnivå rundt bygningen., og der den frie breidda i høgde 1,9 m må minst være 1,9 m.



### **Loft (L):**

Eit tilgjengelig rom over øvste alminnelige etasje som ikkje oppfyller krava til alminnelig etasje. Fri høgde må være større eller lik 1,9 m i ein breidde på minst 0,6 m. Loftsarealet vert målt til 0,6 m utanfor høgde på minst 1,9 m.

## Særskilt om utrekning av bruksareal (BRA) på etasjar med skråtak

Bredde: Mål bredda der den frie høgda er større eller lik 1,9 m, og legg til 0,6 m på kvar side

Lengde: Mål lengda innanfor ytterveggen

### Eksempel:

Bredde= Målt bredde + 0,6m + 0,6m

Bredda multipliserast så med etasjens lengde for å finne etasjens bruksareal (BRA).

### Er arealet måleverdig?

Ein bygningsdel er måleverdig når den:


- Har omsluttande vegger
- Har fri høgde på minst 1,9 m over golv i ein bredde på minst 0,6 m

### Det vert ikkje stilt krav om tilkomst eller at bygningsdelen skal ha golv.

(Her avvik arealutrekning i GAB frå arealutrekning i hht NS3940 (Norsk Standard 3940, 2. utgåve juni 1986).

Eit uinnreia rom som manglar golv er såleis måleverdig areal i GAB/Matrikkelen.

### Døme på areal som ikkje er måleverdig:



#### Døme 1:

Étasje med skråtak der det er mindre enn 0,6 m bredde med fri høgde på 1,9 m over golv. (Fri høgde er høgde til underkant av himling eller underkant av konstruksjonar som hanebjelkar o.l.)

#### Døme 2:

Kjellaretasje (eller annen etasje) der fri takhøgde over golv er under 1,9 m.

#### Døme 3:

Terrasseoverbygg eller annen bygningsdel der det ikkje er om-sluttande vegger.